



I skuggen av glede

Krig kan snu opp ned på det meste. Ørd som vener og fiendar, svikarar og heltar får ofte heilt ny meinung. Rett og gale kan også få det. Det er ikkje uventa. Tilspissa situasjonar skaper nye vilkår for jus og moral.

Eitt spørsmål vi sjeldan stiller, er om fred kan ha noko av same verknaden. Dei fleste vil hevde at slik er det ikkje. Vi skal likevel ikkje sjå heilt bort frå at også fredsslutningar kan ha svært langsigktige følger. Historia gir oss fleire domme på det.

Då freden kom til Noreg i 1945 var det først og fremst glede som rådde. Det var fridom, gjenerising og oppreisning som stod på dagsordenen. Opprørskinga var først og fremst rettsoppgjøret etter krigen, eit svært omfattande juridisk arbeid som var forebudd i London under krigsåra. Regelverket og apparatet var klart då krigen tok slutt.

Svært få nordmenn har den gongen eller seinare utfordra den norske London-regjerings rett til å gjøre dette, til domes gjennom å vedta ei lov som gjorde NS-medlemskap ulovleg, trass i at lova hadde tilbakeverkande kraft, og trass i at ei slik lov ikkje kunne kunngjeraast eller på annan måte gjerast kjent for dei det galdt. Slik er krigens unntaksreglar.

Det kan ha vore stor tvil om dei norske kvinnene som gjekk i teneste i tysk Rode Kors, og som etter krigen vart dømde for dette, medan svært mange som tente store pengar på å samarbeide med tyskarane aldri vart rørt i rettsoppgjøret. Dette har vi også akseptert fordi det tok svært lang tid å førebu dei økonometiske landssviksakene.

Men rettsoppgjøret er eitt, skuggesidene ved den oppreisninga som skjedde etter krigen har neppe mest med ju å gjere.

Tyskartøser

Fredssommaren 1945 var det dei såkalla tyskartøsene det først det gjekk ut over. Desse jentene hadde hatt eit forhold til tyske soldatar eller offiserar, og den vanlege straffen i fredsrusen var å bli slept ut på gater og torg, skamklippte og utsette for både fysisk og psykisk terror. Det var mange tusen av dei, alle fekk dei sine merke etter behandlinga, somme også reint fysisk ved at dei til demes fekk brent hakekorset på kroppen. Håret dei vart gjerne hengt opp til spott og spe med namnet på festa til "En ary fra nazismen", kalla forfattaren Sigurd Evensmo denne framferde frå gode nordmenn.

Det vart i fullt alvor sett fram forslag om å sende alle til Tyskland, og det var det norske Justisdepartementet som gjorde framleget om at dei norske kvinnene som vart gifte med tyskarar under krigen skulle fråkastast det norske statsborgarskapet og utvisast frå landet.

Ut av landet

Meir enn 3.000 norske kvinner forlet landet i tida like etter fredsslutninga for å busetje seg i Tyskland. Det kan alltid diskuterast kor frivillig dette var, og det kan i alle fall diskuterast korleis dei fekk det. I Tyskland vart dei først sitjande i interneringsleirar med elendig tilgang på mat og klede. Seinare fekk dei alle smake Tysklands nederlag gjennom mange år.

Dei som hamna i det som vart Aust-Tyskland, vart dessutan på alle praktiske måtar hindra kontakt heim til Noreg fram til for få år sidan. Det var heller ikkje lett for dei som hamna i Vest-Tyskland. I Noreg sat hatet sterkt i gjennom mange, lange etterkrigsår, og det var unntaket at dei norske kvinnene kunne halde oppe noko forhold til slekt og tidlegare vener. Først på 80-talet vart behandlinga av tyskartøsene noko nær eit offentleg tema.

Hemn

Dei som vart verande her i landet, fekk lære korleis det var å vere andrerangs borgarar. For mange nordmenn vart tyskerføsene noko handfast frå krigstida dei kunne forakte og fordømme.

Behandlinga av tyskartøsene kan knapt forklaast anna enn ut frå hemmotiv. Det var i alle fall ingen andre grupper som hadde kontakt med tyskarane som det var tale om å utvise og ta frå statsborgarskapet. Sjølv dei verste terroristar fekk ein ordinær rettagang og norsk straff. Det er all grunn til å tro at det ofte gjekk betre med dei domte enn dei fordømte.

9.000 barn

Men tyskartøsene hadde ofte fleire enn sjølv å tenkje på. I alt vart det fedd om lag 9.000 barn med tysk far og norsk mor under eller straks etter krigen. Dei vart i utgangspunktet rekna som uvelkomne borgarar. Det var så vere, men det vart også i fullt alvor sett fram teoriar frå legar og anna helsepersonell om at desse små menneska hadde medfødde mentale og andre defektar. Dei var kort og godt ikkje heilt normale, hevda psykiaterar og svært så mange andre. I tillegg vart dei utstoytte.

Rett etter krigen vart det nedsett eit offentleg utval som skulle ta stilling til kva som burde gjeraast med tyskarbarna. I innstillinga frå utvalet vert det gjort greie for ein del alternativ til korleis desse skulle behandelast. Eitt av framlegga var at dei skulle sendast saman med moderne sine i Tyskland, og ferdig med det. Andre hadde meir eksotiske idear som å sende dei til Australia (!) eller andre ferje stader på kloten.

Mange av tyskarbarna vart adopterte bort, fleire av dei meir enn ein gong, fleire med mellomstasjonar på barnehjem og andre institusjonar. Men "alle" visste altid at det var tyskarbarn dei var. Med det følgde slag og spark, kunnskapen om at ein var heilt rettslaus, at alle kunne

behandle ein som dei ville. Dei vart sende som pakkar herfrå til dit i spott og spe, utan tanke for at det var små menneske det dreide seg om.

Det galdt til demes dei såkalla Lebensborn-barna. Alt før krigen hadde Heinrich Himmler grunnlagt denne organisasjonen for å ta godt vare på verdifult avkrom, særleg av SS-folk. Lebensborn dreiv til demes fødeheimar, der mange tusen barn kom til verda. Det var også Lebensborn-mødreheimar i Noreg.

Det galdt fleire hundre norsk-tyske barn som vart sende til Tyskland under krigen. Der hamna dei først på barnehheimar, deretter vart dei gjerne adopterte bort. Etter krigen vart det sagt at dei skulle tilbake til mødre sine i Noreg, men det som faktisk skjedde, var at dei endå ein gong kom på barnehheim, og deretter adopterte bort ein gong til. Det var ikkje mange som kom tilbake til mødre sine.

Det galdt fleire tusen barn som var komne til verda i log budde i Noreg.

Mobbing

Kva opplevde dei?

Først og fremst var det mobbing - frå fosterforeldre, frå andre vaksne, frå barn som såg at dei vaksne vurderte tyskarbarna som fritt vilt, frå vilt framande, frå kjende, frå alle kanfar. Og tru ikkje at mobbing den gongen var eit mildare fenomen enn vi kjenner frå våre moderne himmel. Tvertom. Ete med grisane, bli nekta mat, bli sparka, slått, piska og skoren med kniv. Bli oversett, bli rekna som og behandla som tilbakaståande, ja, dei hamna på heimar og koloniar for det som var den tids idiotar, sjølv om dei både var ved sine fulle fem og sikkert ikkje mindre intelligente enn dei som sende dei dit.

Det var ein kollektiv hemnaksjon som ramma dei uskuldige, dei som ikkje hadde gjort anna enn å bli fødde inn i denne verda. Sjolvord, alkoholisme, eit liv

07260

på psykiatriske institusjonar, evig einsemd, redsel for andre menneske, det var det desse barna vart domde til. Og vi skal vere svært klar over dette: Det var ikke mange vaksne nordmenn som protesterte, som i det heile tatt noterte at mange tusen barn vart kollektivt mobba, fysisk, psykisk, mishandla på det mest groteske, av gjengar av nordmenn, normale, alminnelege norske menn og kvinner. Samtsynlegvis hugsar dei ikke ein gong at dei gjorde det.

NS-barna

Den største gruppa som måtte lide for sine foreldres misgjerninger var likevel NS-barna. Kor mange titusen dei var er ikke lett å ta faste, kanskje var det så mange som 100 000. Vi veit ikke. Det er eit stort problem for den som skal skrive om behandlinga av tyskartøser, tyskarbarn og NS-barn at deira historie ikke er skriven. Det finst ingen pålitelige data å storte seg til på mange felt, vitskapen har ikke vist særlig interesse. Kunnskapen om dei kjem først og fremst fra personlege vitnemål og skjonn litteraturen.

Eg har sjølv intervjuet svært mange NS-barn, altstå barn av nordmenn som var medlemmer av Nasjonal Samling. Deira historie er ikke så ulik tyskerbarnas, sjølv om det nok er mykke større variasjon blant dei som var NS-barn. Dei hadde ei oppleving felles - at far eller mor eller begge stort sett hamna i fengsel ein kortare eller lengre periode. Det var sjølv sagt ei prøving i seg sjølv, men dei største prøvingane møtte dei utanfor heimen.

Somme stader normaliserte situasjonen seg dei første åra etter krigen. For dei fleste NS-barna var livet frå maidagane 1945 og i åra framover likevel ein kamp for å overleve. Om mobbinga og trakasseringa ein dag gjekk over, var det likevel for seint. Dei var merkte for livet, av utstøyting, av bank, av å bli spytta på, av å bli rekna for dumme, av å bli valdtekne, av å bli sparka når dei låg nede. Somme trekte seg tilbake frå verda, somme vart

borter frå ho for godt, andre provde å toffe seg, etter andre hamna på psykiatriske institusjonar, mange har mått halde si fortid for seg sjølv av redsel for å miste jobben, vennene, ektefellen. Dei fleste har overlevd, men alle har sine art. I somme tilfelle har dette også hatt sine alvorlege verknader i tredje generasjon. Så mykje veit vi.

Litteratur om "tyskartøser"

Bøker

BERG, Bjørg: Tarehjertene (roman).

Aschehoug, 1988. 131 s.

Dotre av folket (roman).

Aschehoug, 1982. 193 s.

GRONLI, Vidar H.: Kjærighet under hakekorset.

Tiden, 1989. 184 s.

LEIRA, Astrid Daatland: Kjærigheten har ingen vilje : norske tyskerjenter bak jerntrappe og Berlin-mur.

Tiden, 1987. 162 s.

MAGERØY, Ragnhild: Lengsel, men ingen vinge.

Cappelen, 1990. 255 s.

NEDREAAS, Torborg: Bak skapet står oksen.

(Noveller. Fleire av dei om tyskerjenter).

Aschehoug, 1995. (1.utg. 1945)

SENJE, Sigurd: Domte kvinner : tyskerjenter og frontostre 1940-1945. Pax, 1986. 139 s.

USTAD, Willy: Tyskertos (roman).

Bladkompaniet, 1993. 256 s.

Frihetens pris (roman). Bladkompaniet, 1992. 255 s.

WIIG, Birgit: Kvinner selv : dei skjulte Norges-

historien fra vår nære fortid, s. 30-36. Cappelen, 1984

Artiklar

GJESTLAND, Trygve: "Tyskertøser" på Hovedøya.

I: St. Hallvard, nr. 2, 1990, s. 4-19

GORTNÆS, Kirsti: Jaktscener fra etterkrigstida.

I: Kontrast, 1986, nr. 2/3, s. 2-8

HELGESEN, Kari: "-ft. siktet som tyskertos".

I: Historisk tidsskrift, h.3, 1990, s. 285-310

Litteratur om "tyskarungar"

Bøker

KJENDSLIE, Veslemøy: Skammens barn : dokumentarroman. Metope, 1986. 120 s.

PAULSEN, Marit: Liten Ida (roman, også som film)

Tiden, 1981. 163 s.

SOMMER, Emilie (pseud.): Tyskerungen.

Gyldendal, 1990. 163 s.

USTAD, Willy: Tyskerungen (roman).

Bladkompaniet, 1993. 255 s.

Litteratur om "NS-barn"

Bøker

BJØRSVIK, Bjørg: Nazibarn (roman).

Forsythia, 1993. 125 s.

EGGEN, Eystein: Gutten fra Gimle : et NS-barns beretning. Aschehoug, 1993. 150 s.

MALDE, Per: Kall det vrede (roman).

Tiden, 1991. 110 s.

OLDEN, Asgeir: Fodd skuldig. Samlaget, 1988. 186 s.

BS AL Bibliotekentralen

Trykk: Reprografisk Industri A/S